



Lønsemda til oljefelta er det oljeprisane i framtida som avgjer, fortel Klaus Mohn. Foto: Bjørn Sigurdsson / NTB scanpix

Framtida avgjer lønsemda

Oljeprisen er no under 50 dollar fatet, som grunna det høge kostnadsnivået på norsk sokkel gjer felta i Barentshavet ulønsame. Men saka er meir komplisert enn som so, seier Klaus Mohn.

THERESE SOLLIE
therese@dagogtid.no

– Kva er det som går føre seg her? Kvifor er oljeprisen vorten so låg?

– Det er to tilhøve her: På den eine sida er det eit stort overheng i tilbodet av olje som er skapt av den kraftige voksteren i skiferoljeproduksjon i USA. Samstundes har det vore ein viss svikt på etterspurnadssida, dels grunna svekt vokster i Kina og andre delar av Asia. På toppen av det heile kom omlegginga av strategien til OPEC på møtet i slutten av november der dei gjorde det klart at dei ikkje lenger ville forsvare ein pris på opp mot 100 dollar fatet og heller ville lata marknaden avgjera.

– Korleis kjem den låge oljeprisen til å prega norsk arbeidsliv i tida framover?

– Når det gjeld arbeidslivet, er om lag 250.000 fulltidsarbeidande personar meir eller mindre direkte knytte til oljeindustrien. Denne sysselsetjinga vil verta utsett. I eit regionalt perspektiv er det Vestlandet som vert råka hardest. Frå eit næringslivsperspektiv råkar det særskilt leverandørindustrien, men òg delar av industrien utanfor, noko som i sum gjev lægre sysselsetjingsvokster, men kanskje viktigare: lægre lønsvokster attåt noko høgre arbeidsløyse. Då Statistisk sentralbyrå (SSB) kom med prognosane sine i desember (auka arbeidsløyse frå 3,5 til 4 prosent i 2016, red.merk.), såg dei ganske pessimistiske ut, men det trur eg ikkje det er so mange som tykkjer no lenger.

– Har Noreg satsa for mykje på oljeindustrien?

– Eg trur stabiliteten og konkurransen i Noreg kunne ha vore tent med lægre vokster, men på den andre sida ville då voksteren vore lægre og attendeslaget mindre. *The bigger they are, the harder they fall.*

– Kåre Willoch er mellom dei som har meint at oljeutvinninga har gått altfor snøgt føre seg i Noreg. Er du samd i ei slik utsegn?

– Ja, stabiliteten hadde vore tent med saktare utvinning, i alle fall dei seinaste ti åra. Investeringane har kanskje sprunge litt løpsk. Dei har gjeve tilskot til ein høg lønsvokster og ei svekt konkurransevne. Men det er ikkje so mykje styremaktene kunne gjort med det, det er ikkje so mange handtak å draga i.

– Var det ein god idé å privatisera Statoil? Hadde det ikkje vore betre om føretaket hadde vore i statleg eigarskap?

– Nei, det er meir komplisert enn som so. Nettovinsten har vore positiv, men det er nyansar her. Dei positive sidene dominerer dei negative. Eg trur nok kanskje ein overdriv skilnadene mellom statleg og privat eigarskap. Jamvel med statleg eigarskap ville det ha vore vanskeleg for staten å gripa direkte inn i kva som går føre seg på norsk sokkel. Eigarskapen skal i alle fall handsamast, og ein kan ikkje nasjonalisera heile olje- og gassverksemda på norsk sokkel. Kostesamt og risikabelt er nokre stikkord her.

– No som oljeprisen ligg under 50 dollar fatet, er ingen av prosjekta i Barentshavet lønsame lenger. Vert olja liggjande?

– Om oljeprisen vert liggjande på 50 dollar fatet, er det fleire



Foto: Universitetet i Stavanger

SAMTALEN:

Klaus Mohn

Professor i oljeøkonomi ved Universitetet i Stavanger

AKTUELT:

Låg oljepris

nye feltprosjekt som knappast vil løna seg, men slike vurderingar fylgjer dei langsiktige utsiktene, ikkje kva prisane er i dag. Desse felta skal produsera olje og gass om fleire år, og det er prisen då som avgjer om dei er lønsame. Men med prisen dei seinaste seks månadene vil oljeselskapa kanskje vurderer lønsemda. Førebels vert dei vurderte som lønsame. På den andre sida: Når oljeprisane går ned, råkar det kontantstraumen til oljeselskapa med ein gong, og dei har mindre pengar til å finansiera noverande investeringar. Det er ein link mellom tilgang til inntekt og investeringar. Dei verknadene me har sett på norsk sokkel, har lite å gjera med oljeprisfallet sidan i sumar. Det er resultat av avgjerder som vart tekne for eit år sidan. Me har ikkje sett verknadene av prisfallet enno.

– Korleis ser rogalendingar på framtida no?

– Den rogalandske ånda er ei entreprenørånd som lever i beste velgåande. Sjølv sagt er det tungt for dei som misser jobbane sine, men næringslivet er framleis budd på å møta dei utfordringane som dette oljeprisfallet kan koma til å gjeva oss. Ein har det som skal til for å koma gjennom dette. På den andre sida er denne delen av landet det området som vil verta råka hardest. Men eg opplever ikkje noka Detroit-stemming.

«Eg opplever ikkje noka Detroit-stemming.»

sett & saksa

DEN AVSKYELEGE

Fatwa forbyr far å hjelpe barna med snømann.

Tittel i Aftenposten

ALVORSPRATEN

Det er ikke tillatt å lage skapninger av snø, ikke engang for moro skyld.

Imam Sheikh Mohammed Saleh al-Munajid på nettside sitert i Aftenposten

URBANITETEN

Bør det krevjast undergang for husdyr der det ikkje er dyr?

Tittel i Setesdølen

PAKKEPOSTEN I

Frps Krekar-politikk har i realiteten gått fra ut AV landet til ut PÅ landet.

Verdens Gang

PAKKEPOSTEN II

Alt det Krekar er dømt for, har skjedd på internett, så da må han sendes til et sted uten internett.

Krekar-advokat Brynjar Meling i BT

PAKKEPOSTEN III

Men hvis jeg sier «velkommen til Vardø, mulla Krekar», så er det vel jeg som blir kastet på havet. Men jeg ville ikke sagt nei.

Frp-ordfører Lasse Haugom i Vardø til VG

ELITEKULTUREN

Det er mange som ikke er opplært i ytringsfrihet eller å lese satiriske tegninger; det er en elitekultur.

Idéhistorikar Ellen Krefting til Klassekampen

TRUSSELVURDERINGA

Det blir stille rundt Sp hvis ingen føler seg truet av Sp-politikk.

Drude Beer i Nationen

ENDELIKTEN

På NHO-konferansen i Den Norske Opera forrige uke ble det slått fast en gang for alle: Distriktene er ut.

Drude Beer i Nationen

SOLIDARITETEN

Det gikk et sukk over landet denne dagen: «Vi er alle NHOere».

Drude Beer